



Flyet hamna på Halsnøy og dit var det nærmast folkevandring

**Det er 60 år sidan eit militært treningsfly med 2 ombord styrta på Halsnøy og utløyste ein stor redningsaksjon. Den engasjerte også Uskedalen, minnst Trygve Haugland. Han deltok ikkje sjølv i aksjonen men faren Andreas gjorde det. Flyet styrta om kvelden laurdag 23. januar. Då var det fest i Helgheim som straks vart stoppa. Og under leitinga skjedde det ei ulykke i ulukka som heldigvis fekk eit positivt utfall for ein uskedeling, Odd Terkelsen,**

Flyet var ein Harvard på øvingstokt frå Fornebu til Værnes med Trygve Bjørn Jørgensen som pilot og Eirik Kloumann som den andre. Værtilhøva vart så problematiske like før målet for toktet at dei snudde for å fly tilbake til Oslo, men så svikta kompasset og dei kom ut av kurs.

Det var mørkt og dårleg sikt. Dei fekk kontakt med Sola, men hadde så lite drivstoff igjen at dei ikkje kunne nå nokon flyplass. Alternativet var fallskjerm når tankane vart tomme. Kloumann hoppa ut frå 6000 fot og Jørgensen 3 minuttar etterpå. Jørgensen tok seg fram til ein gard på Fjelland men Kloumann meldte ingen livsteikn korkje då eller seinare. Han vart aldri funnen. Flyet fann lokalkjente dagen etter, 500-600 meter i luftline opp frå Arnevik.

Da det vart kjent at Kloumann var sakna vart det sett igang ein stor leiteaksjon både i Kvinnherad og på Tysnes. Det mangla ikkje observasjonar.

-Folk meldte at dei hadde sett den sakna både her og der i Englafjell, seier Trygve Haugland.

Det deltok 200 mann samt fly og helikopter i heile området frå Uskedalen til Utåker, På grunn av den

sterke vinden kunne fallskjermen ha hamna langt utanom flyets kurs. Men leitinga vart utan resultat, også då det kom lysblink frå fjellet på Tysnes. Ingen spor var å finna, det hjalp heller ikkje med innsats av hund, fjellklatrarar og båtar.

Mange teoriar har vore lansert og ein av dei er kanskje meir sannsynleg enn andre: Fallskjermen løyste seg ikkje ut og Kloumann hamna i sjøen.

Av Ola Matti Mathisen og Kristian Hus  
Foto og nett: Haugesunds Avis og Ola Matti Mathisen